

Veret i dag	4-dagersvarsel	Sola	Kystvær	Flo/Fjøre	Turistbyar																																																																																																																					
 Svartholm +6 Fimmås +7 Moserhamn +7 Langsvåg +7	Søndag +8 Mandag +8 Tysdag +8 Onsdag +8	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Opp</th> <th>Ned</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>i dag</td> <td>05.55</td> <td>21.19</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>05.52</td> <td>21.21</td> </tr> </tbody> </table> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Månen</th> <th>Opp</th> <th>Ned</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>i dag</td> <td>11.29</td> <td>03.05</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>12.36</td> <td>03.34</td> </tr> </tbody> </table> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Bølgevareseil</th> <th>lau morgon</th> <th>midt på dagen</th> <th>kveld</th> <th>sun morgon</th> <th>midt på dagen</th> <th>kveld</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td></td> <td>2.1 m</td> <td>1.9 m</td> <td>1.8 m</td> <td>2.1 m</td> <td>2.6 m</td> <td>2.8 m</td> </tr> </tbody> </table>		Opp	Ned	i dag	05.55	21.19	i morgon	05.52	21.21	Månen	Opp	Ned	i dag	11.29	03.05	i morgon	12.36	03.34	Bølgevareseil	lau morgon	midt på dagen	kveld	sun morgon	midt på dagen	kveld		2.1 m	1.9 m	1.8 m	2.1 m	2.6 m	2.8 m	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Opp</th> <th>Ned</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>i dag</td> <td>05.55</td> <td>21.19</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>05.52</td> <td>21.21</td> </tr> </tbody> </table> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Månen</th> <th>Opp</th> <th>Ned</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>i dag</td> <td>11.29</td> <td>03.05</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>12.36</td> <td>03.34</td> </tr> </tbody> </table> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Bølgevareseil</th> <th>lau morgon</th> <th>midt på dagen</th> <th>kveld</th> <th>sun morgon</th> <th>midt på dagen</th> <th>kveld</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td></td> <td>2.1 m</td> <td>1.9 m</td> <td>1.8 m</td> <td>2.1 m</td> <td>2.6 m</td> <td>2.8 m</td> </tr> </tbody> </table>		Opp	Ned	i dag	05.55	21.19	i morgon	05.52	21.21	Månen	Opp	Ned	i dag	11.29	03.05	i morgon	12.36	03.34	Bølgevareseil	lau morgon	midt på dagen	kveld	sun morgon	midt på dagen	kveld		2.1 m	1.9 m	1.8 m	2.1 m	2.6 m	2.8 m	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Ø</th> <th>→</th> <th>⇨</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>i dag</td> <td>6-9 m/s</td> <td>4-7 m/s</td> <td>4-7 m/s</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>6-9 m/s</td> <td>4-7 m/s</td> <td>4-7 m/s</td> </tr> </tbody> </table>		Ø	→	⇨	i dag	6-9 m/s	4-7 m/s	4-7 m/s	i morgon	6-9 m/s	4-7 m/s	4-7 m/s	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Flo</th> <th>Fjøre</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>i dag</td> <td>04:18 10:31</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>16:54 22:43</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>05:11 11:45</td> </tr> <tr> <td>i morgon</td> <td>17:55 --</td> </tr> </tbody> </table>	Flo	Fjøre	i dag	04:18 10:31	i morgon	16:54 22:43	i morgon	05:11 11:45	i morgon	17:55 --	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>+28</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Acapulco</td> <td>+18</td> </tr> <tr> <td>Algavø</td> <td>+25</td> </tr> <tr> <td>Alicante</td> <td>+19</td> </tr> <tr> <td>Kreta</td> <td>+18</td> </tr> <tr> <td>Larnaca</td> <td>+23</td> </tr> <tr> <td>Las Palmas</td> <td>+19</td> </tr> <tr> <td>Las Vegas</td> <td>+17</td> </tr> <tr> <td>Madeira</td> <td>+22</td> </tr> <tr> <td>Malaga</td> <td>+17</td> </tr> <tr> <td>Mallorca</td> <td>+28</td> </tr> <tr> <td>Miami</td> <td>+16</td> </tr> <tr> <td>Nice</td> <td>+31</td> </tr> <tr> <td>Pruket</td> <td>+17</td> </tr> <tr> <td>Rhodos</td> <td>+17</td> </tr> </tbody> </table>		+28	Acapulco	+18	Algavø	+25	Alicante	+19	Kreta	+18	Larnaca	+23	Las Palmas	+19	Las Vegas	+17	Madeira	+22	Malaga	+17	Mallorca	+28	Miami	+16	Nice	+31	Pruket	+17	Rhodos	+17
	Opp	Ned																																																																																																																								
i dag	05.55	21.19																																																																																																																								
i morgon	05.52	21.21																																																																																																																								
Månen	Opp	Ned																																																																																																																								
i dag	11.29	03.05																																																																																																																								
i morgon	12.36	03.34																																																																																																																								
Bølgevareseil	lau morgon	midt på dagen	kveld	sun morgon	midt på dagen	kveld																																																																																																																				
	2.1 m	1.9 m	1.8 m	2.1 m	2.6 m	2.8 m																																																																																																																				
	Opp	Ned																																																																																																																								
i dag	05.55	21.19																																																																																																																								
i morgon	05.52	21.21																																																																																																																								
Månen	Opp	Ned																																																																																																																								
i dag	11.29	03.05																																																																																																																								
i morgon	12.36	03.34																																																																																																																								
Bølgevareseil	lau morgon	midt på dagen	kveld	sun morgon	midt på dagen	kveld																																																																																																																				
	2.1 m	1.9 m	1.8 m	2.1 m	2.6 m	2.8 m																																																																																																																				
	Ø	→	⇨																																																																																																																							
i dag	6-9 m/s	4-7 m/s	4-7 m/s																																																																																																																							
i morgon	6-9 m/s	4-7 m/s	4-7 m/s																																																																																																																							
Flo	Fjøre																																																																																																																									
i dag	04:18 10:31																																																																																																																									
i morgon	16:54 22:43																																																																																																																									
i morgon	05:11 11:45																																																																																																																									
i morgon	17:55 --																																																																																																																									
	+28																																																																																																																									
Acapulco	+18																																																																																																																									
Algavø	+25																																																																																																																									
Alicante	+19																																																																																																																									
Kreta	+18																																																																																																																									
Larnaca	+23																																																																																																																									
Las Palmas	+19																																																																																																																									
Las Vegas	+17																																																																																																																									
Madeira	+22																																																																																																																									
Malaga	+17																																																																																																																									
Mallorca	+28																																																																																																																									
Miami	+16																																																																																																																									
Nice	+31																																																																																																																									
Pruket	+17																																																																																																																									
Rhodos	+17																																																																																																																									



Ta kontakt med oss for meir info

Ledig annonseplass

© SMHI Grafik/Bull. SMI

Data fra Verneforordningskontrollen

I mål før start

Bømlorussen hadde allereie før skuleløpet denne veika passert fjorårets innsamlingsrekord med god margin. Etter at dei no har talt pengane dei fekk inn under stafetten, er utfordringa for neste års russekull blitt enno større.

Då Bømlo-russen gjekk til startstreken i årets løp for livet, var dei allereie i mål. Målsjetjinga med aksjonen var nemleg å slå fjorårets russekull som samla inn heile 615.000,- kroner, og Russ-15 kunne allereie då vise fram ein kon-toutskrift pålydande 645.000 kroner.

Men årets sisteårsreisande ved skulen hadde ikkje tenkt å gje seg med det. Etter å ha fått på plass ei rekke aktiviteter i idrettshallen i samband med skuleløpet, kunne elevrådet formann torsdag sette ytterlegare 45.000 kroner inn på kontoen, som alt skal gå til kreff-forsking.

I dag er næringslivet utfordra til eit løp Stora avtaket rundt, og håpet er at også dei veit å tegge att pengar til ei god sak.

Dei gløymde katastrofane

Onsdag vart det delt ut ein fredspris på Bømlo. Elevane på Bømlo folkehøgskule har bestemt at Støttekomiteen for Vest-Sahara skulle få fredsprisen deiira i år. Dagleg leiar i komiteen, Erik Hagen, tok i mot prisen, og rosa elevane for å ha retta dei unge blikka sine mot ein konflikt som har pågått i mange år med minimal merksemd frå media og det internasjonale samfunnet.

Enno ein gong ser me ungdommeleg engasjement og interesse for å hjelpe. Denne gongen går hjelpa ut over landegrensene. Ikkje så mykje i kroner og øre, no er det merksemd om ei av dei ukjende katastrofane som er tema. Dei mangeårige konfliktane i Vest-Sahara er ikkje blant dei som blir oftast nemnde i media, og få får dermed kjennskap til både menneskelege lidingar og trongen for humanitær hjelp i dette spesielle området.

Akkurat no kjem alle andre katastrofar i skuggen av dei fryktelege båtkatastrofane i Middelhavet, der tusenvis av menneske på flukt frå krig og elende har drukna etter å ha lagt ut på hasardiøse reiser i overfylte og lite eigna fartøy. Krigen i Syria og Jemen, åtak frå terrororganisasjonar, sveiketastrofar og andre forfeiddeleg handlingar pregar nyhendesendingane kvar einaste dag. Leger uten grenser og andre humanitære hjelpeorganisasjonar prøver å skaffa merksemd kring ei rekke andre humanitære katastrofar, men når ikkje alltid fram. Vald og sjukdom, tørke eller flaum, aldri har så mange vore på flukt som i dag.

Difor er det viktig det som elevane på Bømlo folkehøgskule gjer, å løfta fram ei av dei «gløymde» katastrofane. Det viser at det nyttar å stå på og jobba for å betra tilhøva. Nokon ser, og hugsar på dei. Me vonar at prisen frå Fredsfestivalen på Bømlo kan vera med og hjelpa til med å få sett søkjelyset på dette området att, slik at merksemda på nytt vert retta mot området.

Fylkesutvalet prioriterer to samband aust-vest: E134 og RV7



Hordaland fylkesutval prioriterer E134 over Haukefjell som eitt av hovudvegsambanda aust-vest. Foto: Torstein Skimmeland

Hordaland fylkesutval har vedteke å prioritere to samband aust-vest: E134 over Haukefjell og RV7 over Hardangervidda.

Eit samrøystes Hordaland fylkesutval har vedteke svar på høyringa til Statens vegvesen om «Utredning om forbindelse mellom Østlandet og Vestlandet» der nasjonale hovudveg-samband mellom landsdelane skal bli prioritert.

I forslaget til Statens vegvesen er E134 over Haukefjell og R52 over Hemsedal prioritert som dei to hovudsambanda aust-vest. Fylkesutvalet

er samd i at E134 Haukefjell må prioriterast som eit nasjonalt hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Men fylkesutvalet ønskjer ut frå landsdelebehøva heller å satse på RV7 over Hardangervidda enn R52 Hemsedal som eit nasjonalt vegsamband aust-vest.

Fylkesutvalet har lagt vekt på E134 over Haukefjell fordi med utbygging av ferjetri E39 mellom Stavanger og Bergen, vil E134 Haugesund - Sandvika bli ein tenleg veg for helle området mellom Stavanger og Bergen. På sikt må det byggast ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reise-

tid og kunne gje store regionale effektar i fylket. Når det er aktuelt å gjennomføre ein KVVU for aktuelle trasasar for E134 Jøsendal – Bergen, må samtlige moglege diagonaltra-séar vurderast.

I vedtaket stiller fylkesutvalet seg bak målsjetjinga til Statens vegvesen i utgreinga om å prioritere nasjonale hovudveg-samband mellom landsdelane. Fylkesutvalet understrekar at E39 Stavanger - Bergen, E16 Voss – Bergen og Bergensbanen (Voss – Bergen og Ringeriksbanen) må ha første prioritet i høve til utbygging av vegsambanda aust-vest over fjella.



PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

Bømlo-nytt ønskjer å retta seg etter reglar for god pressesakikk, slik desse er medfelle i Vær/Varsomplikaten. Den som meiner seg ramna av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17 3. eeg, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, telefon 22 40 50 40. E-post: pu@pnt.no

HER ER ME:
Bankbrøkke 14
5430 Bremnes

ØPNINGSTIDER:
Måndfred: 0800-1530

KONTAKT OSS PÅ
53 42 10 00
redaksjonen@bomlo-nytt.no

CODICENT OPPLAG
3294

GRATULASJONAR
gratulasjon@bomlo-nytt.no

DAGLEG LEIAR
Reidar Hystad
906 76 983
reidar@bomlo-nytt.no

ANSVARLEG REDAKTØR
Randi Olsen
982 50 147
randi@bomlo-nytt.no

REDAKSJONENE:
Håvard Hammanstrøm
982 50 146
haavard@bomlo-nytt.no

Nils-Tore Sele
982 42 015
nils.tore@bomlo-nytt.no

Grethe Kjosnes
982 50 148
grethe@bomlo-nytt.no

FRIANSAR
Marianne G. Sagvåg
982 50 143
marianne@bomlo-nytt.no

FRIANSAR SPORT
Sighvorn A. Sætre
971 88 580
sighvorn.a.satre@vaerner.com

BRERKAR / TRYKKSAKER
Torstein Madhne Skimmeland
959 31 399
torstein@bomlo-nytt.no

ANNONSE:
Frida Austestad
982 50 142
annonse@bomlo-nytt.no

ABONNEMENT
Elin Tananger
982 29 141
abonnement@bomlo-nytt.no

Å bli sett - viktigare enn

Støttekomiteen for Vest-Sahara vart årets vinnar av Børnlo folkehøgskule sin Fredspris. - Me ønskjer ikkje først og fremst mat og drikke, me ønskjer merksemd, sa prisvinnaren.

Brr: Frank G. Stenersen

«Me ønskjer at de skal ta imot denne prisen på bakkgrunn av dykkar arbeid med menneske på flukt, og for at de legg press på Marokko som stadig begår overgrep mot den saharawiske sivilbefolkninga. Me beundrar arbeidet i flyktningleirane i Algerie. Me ønskjer at de skal lukkast i målet om å gjere den saharawiske folkegruppa tilbake sin sjølvbestemmesrett og høve til å delta i folkeavrøysingar. Me håpar også at denne prisen skal bidra til at fleire blir gjort kjent med det flotte arbeidet de gjer» var grunngevinga ført i pennen av skulens juryformann Robin Bakken.

- Stor urett

Dagleg leiar i Støtteaksjonen for Vest-Sahara, Erik Hagen, var overvelda over at elevane ved Børnlo folkehøgskule hadde retta sitt unge blikk i retning deira organisasjon. Ikkje minst fordi konflikten i Vest-Sahara i beste fall blir kommentert i ei bi-setning i nyhetssendingane og i avisene.

- Det er ein stor urett ei heil folkegruppe no lir under, heilt utan merksemd frå det internasjonale samfunnet. Det er utfattelig å sjå kor lenge denne konflikten har vart nesten utan noko form for pressesdekning, derfor er det ekstra gledeleg å få tildelt denne prisen no, sa Hagen under utdelinga. Han takka elevane som hadde retta søkjelyset på støtteaksjonen, og alle deltakarane under festivalen som var med og heidra prisvinnaren.

Gløymt konflikt

Støttekomiteen for Vest-Sahara er den einaste organisasjonen i Norge som jobbar berre for det saharawiske folket sine rettar.

I 1963 fekk Vest-Sahara status som territorium der innbyggjarane har sjølvbestemmesrett. Marokko og Mauritania sine krav om områda vart avviste. Vest-Sahara var då under spansk administrasjon. Men FN sitt vedtak imponerte få av nabolanda, og to år seinare rykte marokkanske og mauritanske styrkar inn i Vest-Sahara. Dei tokkupasjonsstyrkane gjekk i krig mot kvarandre mens spanjolane året etter rømde



Asria Mohamed Taleb og Erik Hagen i Støtteaksjonen for Vest-Sahara var både røtte og glade over Fredsprisen. Her er dei flankert av to av folkehøgskulen sine representantar i juryen for årets fredsprisutdeling, Robin Bakken og Linn Evertsen Lode.

landet. I 1979 hadde Mauritania fått nok og trekte sine militære styrkar tilbake. Etter den tid har Marokko okkupert landet i strid med over 100 FN-resolusjonar.

Mange meiner Frankrike, som er ein viktig alliert av Marokko, har snuble-akt som hindrar alle menneskerettsbrota i landet å sjå dagens lys.

Heim til flyktningleiren

Asria Mohamed Taleb har studert nordisk media ved Universitetet i Norge i tre år no. Så snart ho er ferdig med hovudoppgåva går turen til-

bake til heimlandet.

- Men det er ikkje mitt land. Mitt land er okkupert av Marokko, og min heim er ein flyktningleir i Algerie i lag med 165.000 andre. Slik ber me det vore lenge, og ser me

med å få ei framtid der livet i flyktningleiren er det einaste dei kjemner til, seier ho.

Mohamed Taleb er glad for møtet med Børnlo folkehøgskule, og måtte ta til tårene fleire gonger under prisutdelinga.

- Det hender at ting kjem for tett innpå, då gjer det godt å bli møtt av så mange

og omsorgsfulle ungdommar, smiler ho.

- Kva vil du gjera når du kjem tilbake til leiren? eg kan gjera. Det har ein radioasjon i leiren som eg jobba i før eg flytta til Norge, så det blir nok at eg går tilbake dit. Men løn får eg ikkje, det blir snakk om symbolske beløp, seier ho.

Mohamed Taleb seier utdanningsnivået i leiren der familien hennar bur er relativt høgt.

- Men me får ikkje lov av Marokko å jobbe i heimlandet vårt, og har ikkje arbeids-løyve i Algerie, så mange finn

seg i ein håplaus situasjon meiner ho.

vara ut med info

Taleb inviterer lokalavisa inn i eitt av flyktninghelpepen sine telt som er slått opp på plenen framfor skulen.

- Slik bur me, heile familien, år ut og år inn. Det blir lite privatliv og med dårlege sanitære tilhøve er det mykje spukdom, seier ho.

Det viktigaste no meiner ho er å spreie informasjon om konflikten i Vest-Sahara.

- Det norske folk er veldig oppdatert på kva som skjer rundt i verda, men heller ikkje

mat og klede



Flott Fredsfestival – i år òg



Finn Erik Thoresen i Norsk folkehjelp, Tanja Clifford frå Amnesty International, Magnus Grinvoll i Leger utan grenser og Asria Mohamed Taleb og Erik Hagen i Støttekomiteen for Vestsahara tok del i Sofrådebatten onsdag. Folkehøgskulens Lars Broby Foss var konferansier i samtalen der mellom anna norsk flyktningpolitikk stod på dagsorden.

Tradisjonen tru inviterte elevene ved Børnlo folkehøgskule til Fredsfestival denne veka. Og som alltid hadde dei fått på plass eit variert program med mange spennande gjester. Børnlo vaksenopplæring bidrog til å gjera festivalen til ein suksess.

Biri: Frank G. Stenensen

Fredsfestivalen har blitt ein institusjon på Folkehøgskulen, og eit mål for elevene frå første skuledag. Kvart år knivast dei om få skaffe til veges enno fleire dragshaldarar enn året før. Denne gongen hadde mellom andre Norsk folkehjelp, Røde Kors, Amnesty International, Strømmestiftelsen og Flyktningehjelpen motetteke og takka ja til invitasjonen frå elevene på Våge.

Engasjerer dei små

Fredsfestivalen går over to dagar: Tysdagen var mynta på dei minste, og barnehagar og skular frå heile øya valfarta folkehøgskulen for å få med seg Barnefestivalen. Her fekk dei sjå og høyre om born sin kvardag i andre deler av verda. Mellom anna samarbeider Rubbestadne

set skule med folkehøgskulen og inviterer til kate og konsert i gymnsalen på Rubben. Pengane dei får inn går til dei organisasjonane som Fredsfestivalen støttar. Over 200 born var med på arrangementet. Rebusløp der borna skulle løyse oppdrag ved dei ulike postane, var blant dei mange aktivitetane. Dei fekk og gå inn i eit felt likt det Norsk folkehjelp har i fleire flyktningleirar i verda, og sjå kortleis borna laga leiketøy av blikkboksar. Arabisk dans og etnisk kaffiseremoni stod og på programmet.

Systemet sviktar

Før prisutdelinga onsdag var det dukka for debatt, og norsk innvandringspolitikk var tema. Regjeringa måtte tole hard kritikk for ikkje å ha reagert kjappare på meldingane om at båtflyktningar no druknar i hopetal ved Europas grenser.

– Båtflyktningar har me alltid hatt, men no er desperasjonen blitt så stor at mange som ikkje hadde gjort det før, no vel å ta sjansen på å gå om bord i ein overfyrt båt. Alle europeiske land har eit ansvar både for å drive redningsarbeid og for å ta i mot desse flyktningane, sa Tanja Clifford i Amnesty International.

– I Sverige er målsetjinga å ta inn så mange flyktning-

gar frå Syria som mogeleg, mens norsk politikk er å ta i mot så få som mogeleg. Har me kapasitet til 10.000 flyktningar frå dette konfliktområdet? ville salen vite.

– Ja, det har me. Om ikkje me skulle hatt det, kven skulle klart det då? Konflikten på Balkan viste at me er godt rusta til å ta inn store folkegrupper i naud over ein periode, sa Finn Erik Thoresen i Norsk folkehjelp.

Norsk folkehjelp driv i dag åtte asylmottak her til lands, og Thoresen meiner eit godt aktivitetstilbod er viktig. Han oppmøda derfor lokalsamfunna om å støtte opp om bebuarane og trur ikkje staten vil bidra stort her.

– Me ser at innhaldet på asylmottaka har liten betydning under anbudsundane. Då er det lågaste pris, ikkje det tilbodet med mest innhald som blir prioritert, sa han vidare.

Helvetes forgård

Han meiner kommunane må bli flinkare til å busekje flyktningar som har fått opphaldsløyve for å fjerne ventelistene på mottaka.

– Me har flyktningar som har budd på mottak i over 20 år, og som berre vil ha ein plass å jobbe og bu. Mange kommunar er blitt flinkare til å opne opp for flyktningar noko som er veldig gledeleg.

deleg. Men samtidig er skepsisen i mange lokalsamfunn stor. Framgangen her har ikkje vore tilfredsstillande, og Norsk folkehjelp meiner derfor at staten må overta ansvaret dette ansvaret, sa Thoresen vidare.

– Å sitje på mottak som til dømes Trandum utan å vite kva som vil skje med deg, vil eg seie er som å bu i Helvetes forgård, sa Norsk folkehjelp sin representant vidare.

Utsett i leirane

Magnus Grinvoll i Leger utan grenser var opptatt av Norge også må gje meir medisinsk bistand til flyktingleirane, og fortalde at mange liv går tapt til sjukdomar som vert rekna som ufarlige i denne delen av verda. Ikkje minst er gravide kvinner særleg utsett i flyktingleirane.

– Tii dømes er det veldig viktig å få på plass gode vaksineprogram. Folk bur veldig tett på kvarandre i desse leirane, og ofte er dei samtlære tilhøva svært dårlege. Smitte breier då fort om seg, noko som kan få store konsekvensar, sa han.

her er det mange som veit om denne kampen. Difor er det viktig at me no får ut informasjon om kva som faktisk skjer i desse leirane.

– Akkurat no er det viktigare å få ut informasjon enn det er å få mat og klede. Utan merksemd vil denne situasjonen aldri bli betre, fortel Asria Mohamed Taleb.